



Arne Hindenes sitt bu v/ Ove Bjarne Hindenes  
Hindenesvegen 801  
5993 OSTEREIDET

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 17/1955 - 18/9182

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:  
16.03.2018

## Status for søknad om frådelling av ny bustadtomt - gbnr 20/2,3,5, og 6 Hindenes indre

Tiltak: Frådelling av bustadtomt  
Byggjestad: Gbnr: 20/2,3,5, og 6  
Tiltakshavar:

Kommunen syner til søknad om frådelling av ny bustadeigedom, motteke 22.08.2017 , og etterfølgjande førespurnad om komplettering av brev datert 25.09.2017. Søknaden er framleis ikkje komplett.

- Vi har 02.02.2018 mottatt tilleggsdokumentasjon i saka frå Beate Hindenes. Dette gjeld stadfesting frå Lindås Rør & Sanitær AS om at utsleppsleidningen har stor nok dimensjon til å ta imot utslepp frå fleire bustadar.

Ut i frå tilleggsdokumentasjonen som er mottatt og opplysningane i kommunen sitt arkiv, kan vi ikkje sjå at utsleppsløyvet for avlaupsleidningen som eigedomens skal knytast til også omfattar bustadparsellen som no vert søkt frådelt. Før saka vert handsama må det difor søkjast om utsleppsløyve for den nye parsellen.

- Storleik på parsellen er ikkje oppgitt i søknaden. Så vidt vi kan sjå vil parsellen sin storleik vera omlag 1 500 m<sup>2</sup>.

Ved innsending av søknad om utsleppsløyve må det liggja føre kart som viser utsleppsleidningen, erklæring som sikrar rett til å bruk av fellesleidningen og grunneigarerklæring dersom det er naudsynt å leggja leidning over privat eigedom. Søknadsskjema ligg vedlagt. Elles finn de skjema med rettleiing på [www.miljøkommune.no](http://www.miljøkommune.no).

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 27.04.2018. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

### Sakshandsamingsfrist



Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. forskrift om byggesak (SAK) § 7-1. Tidsfristane vert rekna frå søknaden er komplett og klar for handsaming, jf. forskrift om byggesak § 7-2, 1. ledd.

### **Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Vedlegg:**

Kart  
Søknadsskjema utslepp

### **Mottakarar:**

Arne Hindenes sitt bu v/ Ove Bjarne Hindenes	Hindenesvegen 801	5993	OSTEREIDET
Marius Hindenes	Hindenesvegen 797	5993	OSTEREIDET
Ove Bjarne Hindenes	Hindenesvegen 801	5993	OSTEREIDET
Sander Hindenes	Hindenesvegen 795	5993	OSTEREIDET